

Årsmelding 2024


Landro sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Landro sokn



LANDRO SOKNERÅD



Helsing frå soknerådsleiaren

Av og til er det godt å stoppe opp litt og sjå på kva vi gjer, kanskje vi òg skal vurdere endringar. I året som har gått, har vi gjort det.

Dag-Olav Bjørøy
Soknerådsleiar

Noko er endra, noko er uendra og noko er lagt ned. Men i sum ser vi at innsatsen vår er med på å drive oss framover i målet vårt: å få fleire med oss på himmelvegen.

Hovudsatsingsområdet vårt dette året har vore barn og unge – det er dei som er der i framtida til kyrkjelyden!

Soknerådet

Landro sokneråd har vedteke ny visjon i 2024:

Nær Gud – nær menneske.

Fokusområde:

- Kristus-fokusert forkynning
- Oppfølging og opplæring av frivillige
- Skapande og varme fellesskap der vi har omsorg for einannan

Soknerådet har i 2024 hatt 8 rådsmøte og handsama 85 saker.

I tillegg har vi hatt ei strategisamling over ein heil dag. Rådet er sett saman slik:

- Dag-Olav Bjørøy (leiari)
- Tove Karin Angeltveit (nestleiar)
- Kirsten Kjølen (representant i fellesrådet)
- Kjersti Berland
- Anne Kristine Chrisiansen
- Ingvild Langeland Tellnes
- Laila Linde Lossius (vara)
- Sven Bech-Sørensen (vara)
- Elias Solsvik (vara)
- Hilde Tennebø Heggholmen (vara)
- Mona Alvøen (vara)

I tillegg har soknerådet soknepresten som medlem:

- januar-april: Bjarte Nese
- april-juli: Harald P. Fylling
- aug.-des.: Morten Torsvik

Soknerådet har følgjande underutval i funksjon:

- Gudstenesteutval
- Diakoniutval
- Vaksenopplæringsgruppe
- Basargruppe
- Generasjonskveldgruppe
- Lavvogruppe

I tillegg har vi frivilliggrupper/støttegrupper for «God nok» og Landroklubben.

Som del av satsinga på barn/unge har soknerådet i år hatt hovudfokus på ungdomsklubben vår. Klubben har fungert som eit «reint» konfirmanttiltak ein del år, no ønskjer vi å gå breiare ut. Det er etablert ei ressurs/støttegruppe av trygge vaksne for klubben, desse er òg til stades på klubbkveldane. Saman med kopling mot «God nok» reknar vi med at dette vil gi fleire deltagarar på klubbkveldane.

Vi har starta arbeidet med lavvo i kyrkjehagen. Vi har hatt nokre motbakkar i prosjektet, men vi er komne så langt at grunnflata for bygget er planert og det er trekt fram rør for både vatn og straum. Det vil vere råd å bli med på dugnad utover i 2025!

Vi har fått ny diakon i Landro i 2024, Synnøve Elvina Engelsen tok til i august. Ho er i full gong med «God

nok» og andre tiltak, i tillegg har ho frå nyttår 2025 overteke funksjonen som sokneteamleiar.

Etter framlegg frå Kyrkjerådet og Hovudorganisasjonen KA har soknerådet vedteke etiske retningslinjer for arbeidet sitt. Dette har vi gjort for å auke merksemda på at soknerådet skal både vere og oppfattast som heiderleg.

Frå tid til anna skjer det uønska hendingar. For å kunne handtere slike tilfelle, har soknerådet vedteke varslingsrutiner slik at konsekvensane skal bli minst mogleg. Vi vonar at vi aldri får bruk for desse!

Økonomien vår i 2024 var mykje svakare enn det vi har vore vande med; dette året har vi gått med underskòt. Ei vesentleg årsak til dette er at vi ikkje har fått auka inntektene frå gjevartenesta nok til å dekke ungdomsarbeidarstillinga (20%) som vi betalar for. Dette vil vere ei viktig sak for soknerådet framover.

Det er mange frivillige i kyrkjelyden vår, og dei frivillige treng å bli sett og bli følgd opp. Dette er noko som vi ikkje har vore gode nok på, og difor har vi utarbeidd nye måtar å handtere dei frivillige på, slik at vi skal sikre opplæring og oppfølging – samt at dei frivillige kan byte arbeidsoppgåver (eller seie takk for seg) utan at det skal bli vanskeleg.

I løpet av 2025 kjem vi til å prøve ut fleire nye idéar, både i forhold til arbeidsmåtar og ulike tiltak. Har du ein idé til korleis vi kan nå visjonen vår, ta kontakt!





ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Morten Torsvik
Sokneprest

Hausten 2024 starta eg som sokneprest i Landro kyrkje. Derfor har mykje av hausten gått med på å danne meg eit bilet av det som skjer i kyrkja vår. Eg har opplevd å bli tatt godt imot i Landro og kjenner meg velkommen. Samtidig er det vanskeleg å trenge skikkeleg inn i arbeidet når ein skal komme inn etter

ein som har vore i stillinga i 15 år. Djupe fotspor er sett både i måten å tenkje og arbeide på og ikkje minst i måten ting blir initiert og prosessane blir drivne fram. Her må kyrkjelyden vise tolmod med meg.

Det skjer mykje i Landro kyrkje. Det har mellom anna blitt arrangert temakveldar, bibeltimar, generasjonssamlingar, T-dagar, Treff i kyrkjekjellaren, babysong, medarbeidarfest, basar, soknemøte, kyrkjemiddagar, ute-torsdag, vekevis bønn på tysdagar og sommarfest. Fleire kor har hatt øvingar i kyrkja og sunge på gudstenester. Landroklubben har hatt samlingane sine og det diakonale prosjektet "God nok" har arrangert 25 samlingar. For å kunna tilby alt dette blir det lagt ned eit stort frivillig arbeid. Her blir møtepunkt etablert som gir høve til å synleggjere Landro kyrkje visjonen sin som vart vedteken i 2024 "Nær Gud – nær menneske."

Det vart arrangert 50 gudstenester (56 i 2023) med totalt frammøte på 4866 (5567 i 2023). Sju av gudstenestene var nattverdsgudstenester på Kvednatunet og fem var skulegudstenester. Av gudstenestene vart 38 halde på søndagar og

heilagdagar (41 i 2023) med eit totalt frammøte på 3542 (3605 i 2023).

Kva som er årsaka til nedgangen i talet på gudstenester, veit eg ikkje. På dei ordinære gudstenestene på søndagar og heilagdagar er talet på deltakarar ganske stabile med ein svak oppgang dersom ein reknar gjennomsnittleg deltaking. Den var 93 (88 i 2023).


35 vart døypte (34 i 2023), 50 vart konfirmerte (60 i 2023), og ingen vart vigde (2 i 2023), 1293 fekk nattverd (1386 i 2023) og 23 vart gravlagde/bisette (28 i 2023). Medan dåptala er stabile frå fjaråret, viser dette ein dramatisk nedgang i talet på konfirmantar. No viser statistikken at desse tala varierer veldig i Landro frå år til år. Går vi to år tilbake var talet på konfirmantar 48, altså litt under fjaråret. Når det gjeld talet på gravferder så er det ein liten nedgang, men den største trenden er at det er stadig fleire som vel bisetjing framfor gravferd.

7. april takka Bjarte Nese av etter 15 år med teneste. Fram til slutten av august då Morten Torsvik overtok stafettpinnen hadde Harald Fyllingen eit hovudansvar for å vareta sokneprestfunksjonane. Desse overgangane og skifta har prega arbeidet i 2024.


Den nye visjonen "Nær Gud – nær menneske" er ein glimrande visjon og eit godt utgangspunkt for vegen vidare. Så får vi arbeide med å implementera visjonen endå tydelegare i dei ulike arbeidsgreinene i kyrkja vår. Eg opplever at eg allereie har fått vore med på mange fine samlingar der Gud i sin nåde har openberra seg til frelse, trøyst og fornying.

STATISTIKK

DELTAKING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT



ANTAL DØYPTE



Søylene visar
det totale antal
gudsteneste-
deltakarar og antal
døypte i Landro kyrkje
sidan 2019.



Pr. 31.12.2024 er det
4057 medlemmer i
Landro sokn.





ÅRSMELDING FRÅ BARN OG UNGE

Småbarnsfasen (0-5 år)

Alle trusopplæringsdagane (T-dagen) i småbarnsfasen har opplegg for heile familien. I Landro har vi hatt T4 Kyrkjebok, og T3 Advent som er knytt til familie-gudstenester. I 2024 hadde vi rekord på tal treåringar som kom til kyrkja første søndag i advent, 25 barn fekk ei fin adventsbok.

Barnehagebarna møter vi minst to gonger i året: På påskevandringar før påske, og på adventssamlingar før jul. I Landro sokn er det seks barnehagar, og så godt som alle kjem til samlingane i kyrkja. Dette er eit stort arbeid og det er gjensynsglede kvar gong.

I samarbeid med Åpen barnehage har det vore baby-song på onsdagar. Det har vore 14 samlingar og til saman 13 babyar har vore med.

Barneskulefasen (6-12 år)

På T7 Sprell Levande i Landro kyrkje, får første-klassingane komme med heile familien når vi samlast

til ulike kjekke aktivitetar som handler om bønn og trusopplæring på heimebane.

Gjennom SKU (skule-kyrkjeutvalet) inviterer vi til besøk på kyrkjegården for 2. klasse, besøk i kyrkja for 3. klasse, "Bibelreisa" for 5. klasse og adventsgudstenester for heile barneskulen. Arbeidet gjennom SKU har fokus på kulturformidling, undervising og identitet.

Vi har svært god kontakt med skulene og barnehagane. Det er kjekt at dei set pris på og nyttar tilbodet vi har i kyrkja.

Ungdomstida

Våren 2024 var det 51 ungdommar som deltok i konfirmantåret i Landro kyrkje; dette utgjer 89 % av kullet. I Landro er vi eit team på fire som gjennomfører og leier konfirmant-opplegget. Det er alltid fleire ungdommar som treng tilrettelagt opplegg, enten å gå i ei mindre gruppe, eller å få tilrettelagt pedagogisk opplegg. T14 og T15 er oppstart og avslutning i



konfirmantåret. Konfirmantane er med i ei interessegruppe: leir, KRIK, Lukas TenSing, Lukas Gaming eller Landroklubben. I tillegg er alle med på fasteaksjonen for å samle inn penger til Kirkens Nødhjelp. I 2024 samla Landro-konfirmantane inn kr 44 000. Etter konfirmantåret, er konfirmantane inviterte til å vere med på LED leiarkurs.

I adventstida har vi ei gudsteneste som Tranevågen ungdommskule er med på. Dei bidrar med musikk, tekstlesing og forskjellige innslag.

Landroklubben

Landroklubben er ein klubb for ungdom frå 8. klasse og oppover. Ca. annakvar fredag i skulesemestera er det klubbkveldar i Landro kyrkje. Ein klubbkveld varer i 2 ½ timer (18:30-21:00). Denne tida vert fylt med frie aktivitetar, som for eksempel ulike brettspel/kortspel, bordtennis og biljard. Som regel er det også ein felles aktivitet, leik eller quiz. Vi deler eit måltid og har ein andakt i kyrkerommet, denne vert halden av ein vaksen leiari mot slutten av kvelden.

I 2024 har det vore 13 klubbkveldar. Inkludert leiara, har det i snitt vore ca. 15 tilstades på kvar klubbkveld. Dei aller fleste av ungdommane på Landroklubben det siste året har vore konfirmantar, og av desse har dei fleste valt å vere med på Landroklubben som ein del av konfirmantåret.


Vårhalvåret 2024 vart klubben drive av tre leiara. Frå august 2024 har ca. 15 frivillige personar engasjert seg som leiara. Dei noverande leiara har fordelt seg på klubbkveldane og sørger for at det alltid er god leiartettleik på Landroklubben. Tiltaket er knytt opp mot leiartreningsprogrammet LED og det større felles ungdomsarbeidet på tvers av tre soknegrenser i Øygarden kommune (FUNK). Pr. dags dato er to fjarårs konfirmantar engasjerte som hjelpeleiara, og dei har praksis i klubben som ein del av LED.

Til slutt ein stor takk til soknerådet! Dei er med og støttar opp om dette tiltaket og vil vere med på å vidareutvikle Landroklubben. Fleire av medlemmene i soknerådet er dessutan også engasjert som leiara i klubben.




UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK


BABYSONG



T4 KYRKJEBOKA




T10 HALLOTWEENS



T15 KONFIRMANT



ALL TRUSOPPLÆRING 0-18 ÅR





ÅRSMELDING FRÅ DIAKONEN



**Synnøve Elvina
Engelsen**
Diakon

1. august fekk Landro sokn ein diakon i 100% fast stilling. Underteikna har gjennom hausten gjort seg kjent i kyrkjelyden, og tatt over arbeidet med "God Nok", etablert ein kontakt med frivillige medarbeidarar og hatt arbeid knytta til generasjonskveld, treff og diaconiutval.

Det er etablert eit diaconiutval med diakon og to frivillige som skal ha første møtet i starten av 2025. Utvalet skal vera med å forma det diakonale arbeidet i Landro og arbeide med ny diaconiplan.

Heile året har det vore treff ein onsdag i månaden. Dette er eit tilbod på føremiddagen der 15-25 personar samlast i fellesskap. Det er sang, mat, andakt og foredrag. Eivind Kausland Lie spelar piano på treffa og 3-4 frivillige medarbeidarar lagar til mat, serverer og ryddar. Det vart gjennomført 10 treff i 2024.

Sorgarbeidet er ei viktig diakonal teneste, både i samtalar med enkelpersonar og med ulike arrangement. Oktober er månaden vi har ekstra fokus på sorg. I samarbeid med dei andre kyrkjelydane, arrangerte me ein felles sorgkveld for pårøyrande. I forkant av allehelgensgudstenesta, hadde vi stand på Ågotnes senter. Diakon og frivillig delte ut lys og faldaren «førstehjelp ved sorg». Det vart ei fin oppleveling der me kom i kontakt med mange menneske. Alle pårørende som hadde mista ein av sine sidan hausten 2023 var spesielt inviterte til

allehelgensgudstenesta. Vi las opp alle namna og tende lys for dei avdøde. Diakon og andre i staben har også hatt ein del samtalar/sjelesorg på kontor og på heimebesøk.

Diakonen tok over det etablerte arbeidet "God Nok" som starta som eit prosjekt januar 2023 og vart avslutta juni 24. Dette arbeidet har fokus på 7. trinnselevar på Landro skule, og er eit tett samarbeid mellom skule og helsejukepleiar på Landro skule. Hovudfokuset er å styrke den psykiske helsa til elevane. Vi har samtalegrupper og undervisning på skulen, samt "etter skuletid" annakvar måndag i kyrkja. Der er det samling, måltid og leik/aktivitetar. Her er fire faste frivillige medarbeidarar med i samlinga i kyrkja. Det er også etablert kontakt med to andre skular som soknar til Tranevågen ungdomsskule for mogleg oppstart av "God Nok der". Diakonen har 50% av stillinga sett av til dette arbeidet.

Ute-torsdag som var ein del av prosjekt "Vekst" hadde fire samlingar på våren og fungerte også som interessegruppe for konfirmantar. Prosjektet vart avslutta våren 2024. Gjennom året 2024 har det vore seks generasjonskvelder i kyrkja. Her er tilbodet varierande aktivitetar, med formål at ein kan møtast på tvers av generasjonar. Det har vore godt oppmøte, blant anna var vi over 42 små og store på lefsebaking før jul. Det er tre frivillige medarbeidarar som er saman med diakonen i dette arbeidet. På generasjonkveldar knyter vi nye kontaktar og opplever at fleire av dei som kjem ikkje har vore så mykje i kyrkja før.



ÅRSMELDING FRÅ KANTOR



Eline Olsen
Kantor

Konsertar som blei haldne i Landro kyrkje

- 06.01: Konsert på julefest med barne- og tweenskor, blåsarar, songsolistar og forsongarar.
- 17.03: Jazzgudsteneste/konsert Med blåsarar, band og forsongarar.
- 12.04: Songkveld med Borgny Navestad og Annvor Greibesland, saman med band
- 20.04: Song på basar med Landro barne- og tweens-/teenskor.
- 28.05: Sommarkonsert med Fjell barnekor og Landro barne- og tweens-/teenskor.
- 19.06: Internkonsert med Fjell kulturskule ved Annabel Guaita
- 08.12: Vi syng jula inn, medverkande: Sotra Storband, Landro barne- og tweens-/teenskor, Landro Vokal, songsolistar og band.

Gudstenester

Musikkarbeidet i gudstenesta følgjer vanlegvis ein mal der ein legg vekt på eit variert musikalsk uttrykk, med bruk av både orgel og piano, nokre gangar blåsarar, og med forsongarar på fleire av gudstenestane.

Vi har i 2024 hatt musikkinnslag i gudstenester og konsertar med følgjande musikalske aktørar:

Landro barne-, tweens- og teenskor

- 06.01: Konsert på julefesten
- 11.02 Familiegudsteneste med fastelavnstema
- 24.03: Familiegudsteneste på palmesøndag
- 20.04: Basar
- 27.04: Teens-jentene var med på gudsteneste
- 17.05: Barne- og tweenskoret deltok på 17. mai-gudstenesta
- 28.05: Avslutningskonsert saman med Fjell barnekor
- 09.06: Nokre tweensjenter song i lag med vaksne på gudsteneste med sommarfest.
- 08.09: T4-gudsteneste
- 22.09: Felles barne- og tweenskor deltaking på gudsteneste i Fjell kyrkje
- 06.10: Nokre teensjenter var med på gudstenesta
- 20.10: Familiegudsteneste med hausttakkefesttema
- 24.11: Ei teensjente var med som forsongar og solist på kveldsgudsteneste
- 01.12: Familiegudsteneste på 1. søndag i advent
- 08.12: Vi syng jula inn

Landro vokal

- 07.04: Avskjedsgudsteneste for Bjarte Nese
- 09.06: Sommarfestgudsteneste
- 08.12: Vi syng jula inn

Fleire av Landro vokal sine songarar er ellers med som forsongarar på mange gudstenester igjennom året.

Blåsarar: Vi har med oss fleire dyktige blåsarar frå både kyrkjelyden og frå Samarbeidskorpset Sotra Vest/Ulveset. Dei har vore med og spelt på til dømes julefesten, vanlege gudstenester, jazzgudsteneste, jule- og andre høgtidsgudstenester, 17. mai og vi syng jula inn.

Komp og lyd: Vi har med oss fleire i kyrkjelyden, og nokre som vi lånar eller leiger inn, som spelar bass, trommer og som stiller lyd for oss på gudstenester og konsertar.

Barne- og tweens/teenskorarbeid

I Landro barnekor er det ca. 12 barn frå seks år til og med 4. klasse. Koret samarbeider tett med Landro Tweens-/Teenskor, som i 2024 talde åtte jenter før sommaren, og fem jenter frå hausten.

Tweens blir rekna frå 4./5.-klasse tom. 7. klasse. Frå 8. klasse og oppover blir dei kalla teens.

Alle kora øver kvar tysdag.

Barnekoret øver frå 17.30 til 18.25, tweensjentene øver fra 18.30 til 19.25 og teensjentene øvde frå 18.30 til 20.00 den tida dei var med og øve før sumaren 2024.

Kantor Eline Olsen er dirigent, pianist og hovudleiar for kora. Eivind Kausland Lie hjelper til sosialt og med andakt annakvar veke. Fleire andre frå Landro sokneteam er med på skift, ca. ein gong i måneden og held andakt og/eller aktivitet med barnekoret.

Bodil Lee Øknses Espedahl er ofte dirigent for barnekoret ved opptreden.

Landro vokal

Landro vokal tel ca. 11-12 songarar fordelt på sopran, alt, tenor og bass. Koret syng salmer og songar i «Bedeheus-stil», og i pop-/gospel-/jazz- og latin stil. Vi øver prosjektbasert mot konsertar eller gudstenester der koret skal være med.



Medarbeidarane i Landro sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Morten Torsvik	Sokneprest
Synnøve Elvina Engelsen	Soknetamleiar/diakon
Eline Olsen	Kantor
Line Steinsland Mosnes	Administrasjonskonsulent
Kari Bruke-Romarheim	Trusopplærar
Eivind Kausland Lie	Kyrkjelydsarbeidar
Erlend Dale Løvfall	Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar
Janesh Amenza	Kyrkjegardsarbeidar/ helgekyrkjetenar
Vegard Lynglund	Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Årsrekneskap Landro sokneråd 2024

Landro sokneråd har i 2024 hatt eit samla meirforbruk på kr 47.264.

Samla utgifter utgjer kr 404.900 og samla inntekter utgjer kr 357.636. Meirforbruket dekka inn med delvis stryking av avsetjing til disposisjonsfond vedkomande mindreforbruk i 2023.

Landro sokn hadde ei overskot på Basarinntekter på kr 43.466 i 2024. Desse midlane er med på å dekke meirforbruket i 2024.

Offer innsamla til eigne verksemder utgjer kr 43.959 i 2024. Offer til andre formål utgjer kr 95.863 og er utbetalt til ein rekke formål i 2024. Det vart samla inn kr. 69.678 på fast gjevarteneste til barne og ungdomsarbeid i soknet.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Landro sokneråd på mange ulike måtar i 2024.

